




Fylkesmannen i  
Hordaland

# FORVALTINGSPLAN FOR VINNESLEIRO NATURRESERVAT

Fusa kommune, Hordaland  
Naturkvaliteter, bevaringsmål og forvaltningstiltak



MVA-RAPPORT 1/2016



# FORVALTINGSPLAN FOR VINNESLEIRO NATURRESERVAT

Fylkesmannen i Hordaland

2016









<b>Ansvarleg institusjon:</b> Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga	<b>Rapport nr:</b> MVA-rapport 1/2016
<b>Tittel:</b> Forvaltingsplan for Vinnesleiro naturreservat. Naturkvalitetar, bevaringsmål og forvaltningstiltak	<b>ISBN:</b> 978-82-8060-107-0
<b>Forfattar:</b> Solveig Kalvø Roald	<b>Dato:</b> 15.12.2016
<b>Samandrag:</b> <p>Vinnesleiro blei verna som naturreservat i 1995. Med denne forvaltingsplanen ønskjer vi å sikre ei langsiktig og kunnskapsbasert forvaltning av vernekvalitetane i reservatet. Det er i tillegg ønskeleg at planen skal vere eit hjelpemiddel for grunneigarar og andre interesserte ved å vere rettleiande og utfyllande i forhold til verneforskriftene.</p> <p>Forvaltingsplanen presenterer verneverdiar og mål ved bruk av omgrepa <i>naturkvalitetar, bevaringsmål og forvaltingsmål</i>. Dette er ein metode og innfallsvinkel i naturforvaltninga som skal sikre ei meir presis forvaltning av naturvernområde i Noreg.</p> <p>Eit viktig element i planen er å ta stilling til kva slags skjøtsel og tiltak vi vil prioritere i verneområdet i åra framover. Informasjonsflyt mellom forvaltning, brukarar og grunneigarar er viktig. Det er òg eit mål for oss at kunnskapen om Vinnesleiro naturreservat skal gjerast tilgjengeleg for allmenta.</p> <p>Forvaltingsplanen blei vedtatt den 15.12.2016. Den bør rullerast innan 10 år.</p>	
<b>Referanse:</b> Fylkesmannen i Hordaland 2016. Forvaltingsplan for Vinnesleiro naturreservat. MVA-rapport 1/2016.	
<b>Emneord:</b> Naturreservat, naturkvalitet, bevaringsmål, våtmark, forvaltingsplan, Vinnesleiro	
<p style="text-align: center;"> Fylkesmannen i Hordaland  Miljøvern- og klimaavdelinga  Postboks 7310  5020 Bergen  <a href="mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no">fmhopostmottak@fylkesmannen.no</a> </p>	





## Forord

Fylkesmannen i Hordaland er forvaltingsstyresmakt i Vinnesleiro naturreservat og har ansvar for å utarbeide forvaltingsplan. Vi ønskjer med denne planen å presisere kva som er måla våre for området, og kva slags skjøtsel og tiltak vi ønskjer å prioritere i åra framover.

Forvaltingsplanen skal gjere opp status for verneområdet og klargjere og utfylle vernereglane i verneforskrifta. Forvaltingsplanen gir ikkje nye avgrensingar ut over det som allereie er vedtatt i verneforskrifta.

Oppstartsmelding og høyringsutkast blei sendt til grunneigarar, aktuelle offentlege etatar og lokale lag og organisasjonar, og vi mottok mange konstruktive innspel.

Basert på denne prosessen blei det utarbeidd eit høyringsutkast som blei sendt på høyring i september-oktober 2016. Vi fekk ingen innspel til dette utkastet, så planen som no er godkjent er i all hovudsak lik høyringsutkastet.

Den ferdige forvaltingsplanen blir sendt til grunneigarane og blir tilgjengeleg på Fylkesmannen sine heimesider.

Forvaltingsplanen er utarbeidd av Solveig Kalvø Roald ved miljøvern- og klimaavdelinga, Fylkesmannen i Hordaland.

Vi ønskjer å takke alle som har bidratt med innspel og bakgrunnsinformasjon til forvaltingsplanen. Dette gjeld særleg grunneigarar i og naboar til naturreservatet, og til NOF-medlem Jon Djupvik som har gitt oss god informasjon om fuglelivet i reservatet. Vi ønskjer òg å takke Vinnes friskule for eit godt samarbeid, og for den entusiasme og omsorg dei viser for reservatet.

Bergen, 15.12.2016

Kjell Kvingedal

fylkesmiljøvernssjef



# Innhold

<b>FORORD</b> .....	<b>7</b>
<b>1. INNLEIING</b> .....	<b>9</b>
1.1 OM FORVALTINGSPLANEN.....	11
1.2 PLANPROSESSEN .....	11
<b>2. NATURMANGFALDLOVA</b> .....	<b>11</b>
<b>3. HISTORIKK</b> .....	<b>13</b>
3.1 VERNEPROSESSEN .....	13
3.2 BRUKSHISTORIE .....	14
<b>4. DAGENS STATUS</b> .....	<b>14</b>
4.1 KUNNSKAPSSTATUS .....	14
4.2 VERNEVERDIAR .....	15
4.3 BRUK AV OMRÅDET .....	20
4.4 PÅGÅANDE SKJØTSEL OG TILTAK .....	20
4.5 SAMARBEID MED SKULEN.....	20
4.5 MÅL OG RETNINGSLINJER FOR BRUKARINTERESSER .....	20
<b>5. FORVALTING AV VINNESLEIRO NATURRESERVAT</b> .....	<b>24</b>
5.1 TRUSLAR MOT VERNEVERDIANE.....	24
5.2 FORVALTINGSMÅL OG BEVARINGSMÅL.....	26
5.3 PLANLAGDE TILTAK OG SKJØTSEL .....	27
<b>6. KJELDER</b> .....	<b>30</b>
<b>7. VEDLEGG</b> .....	<b>31</b>
VEDLEGG 1 VERNEFORSKRIFT .....	31
VEDLEGG 2. BEVARINGSMÅL OG OVERVAKINGSMETODIKK. ....	35
VEDLEGG 3. NATURTYPAR OG ARTSMANGFALD.....	37
VEDLEGG 4. OM DISPENSASJONSSØKNADER.....	39
VEDLEGG 5. BEGREPSFORKLARING .....	41
VEDLEGG 6. INNSPEL VED VARSEL OM OPPSTART AV ARBEID MED FORVALTINGSPLANEN:.....	43
VEDLEGG 7: OVERSIKT OVER FUGL REGISTRERT PÅ VINNESLEIRO. ....	45
VEDLEGG 8: ADOPSIJONSBREV, VINNES FRISKULE .....	47




# 1. Innleiing

Vinnesleiro naturreservat ligg i Fusa kommune, ytst i Fusafjorden og på nordsida av Bjørnefjorden. Reservatet er på 241 daa, der 60 daa er landareal.

Reservatet omfattar eit marint grunnvassområde i den skjerma vika Leira, sør for Vinnes. Dette er ein av få Hordalands-lokalitetar i verneplan for våtmark frå 1996 som ligg i marint miljø.

Området har både ornitologiske, botaniske, marine og kvartærgeologiske kvalitetar, men det er først og fremst verdien for fugle- og plantelivet som ligg til grunn for vernet av området.

Føremålet er å frede eit produktivt grunnvassområde langs kysten, av stor verdi for trekkande vadefugl, og som har hekkefunksjon for terner og måsar. Grunnvassområde med slik størrelse er sjeldne i Hordaland.



**Figur 1.** Reservatet si plassering.

Området sin hovudfunksjon for fugl er som rasteområde, og særleg på hausttrekket rastar mange vadefuglar i området.

Vinnesleiro har tidlegare vore eit viktig hekkeområde, og då området blei verna var det registrert over 22 hekkande fugleartar i området. Området har òg verdifull havstrandvegetasjon.

Området rundt reservatet er i hovudsak jordbruksareal – dyrka mark og planta skog.

## 1.1 Om forvaltingsplanen

Forvaltingsplanen byggjer på verneforskrifta. Ein forvaltingsplan presiserer vernereglane og har fleire andre formål, der desse er dei viktigaste:

- Gi grunneigarane og andre brukarar konkrete retningsliner for korleis forvaltingsstyresmakta vil praktisere vernereglane.
- Gjere opp status for verneområdet, verneverdiar og trugsmål mot verneverdiane.
- Oppsummere dei viktigaste oppgåvene ved forvaltning av området og korleis desse bør prioriterast. Døme på slike oppgåver er skjøtsel (for å oppretthalde natur- og kulturtilstand), tilrettelegging av informasjon, oppsyn og forskning/undervisning

Forvaltingsplanen skal ikkje skjerpe inn eller svekke vedtekne vernereglar. Den er ein reiskap for å klargjere rammene for den vidare bruken og forvaltninga av området.

## 1.2 Planprosessen

Brev med melding om oppstart av planarbeid blei sendt ut til alle grunneigarar, kommunen, aktuelle lag og organisasjonar våren 2014. Vi fekk inn mange gode og konstruktive innspel frå både naboar og ulike organisasjonar, og vi har prøvd å legge vekt på desse i arbeidet med forvaltingsplanen. Dei er oppsummert i vedlegg 5.

Fleire av grunneigarane/naboane stilte seg til disposisjon for synfaring og diskusjon om skjøtselen i reservatet, og den 21.08.2014 blei det gjennomført ei fellessynfaring i reservatet der ulike tiltak/problemstillingar blei drøfta.

Vi har òg hatt fleire konstruktive samtalar om forvaltning av verneområdet med eigar av gnr. 78, bnr. 1 som eig størstedelen av landareala i reservatet, og med andre naboar.

## 2. Naturmangfaldlova

Det følgjer av naturmangfaldlova § 7 at dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 skal ligge til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig mynde, og at det skal gå fram av avgjerda korleis prinsippa er vist omsyn til og lagt vekt på.

Etter naturmangfaldlova § 8 skal avgjerder som vedkjem naturmangfald så langt det er rimelig byggje på vitskapeleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon og utbreiing og naturtypane sin økologiske tilstand, samt effekten av påverknader. Ein skal leggje vekt på kunnskap som er basert på generasjonar sine erfaringar gjennom bruk av og samspel med naturen. Kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for retningslinjene i forvaltingsplanen er skildra i kapittel 4.1.

Fylkesmannen meiner kunnskapen som ligg til grunn for utarbeiding av planen er tilstrekkeleg til å vurdere verknader på naturmangfaldet, og føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 blir difor lite aktuelt i denne samanhengen.




Det er utarbeidd nærare bevaringsmål for ulike naturkvalitetar som grunnlag for overvaking av naturtilstanden i området. Dette vil gi eit styrka grunnlag for å kunne vurdere samla belastning av ulike aktiviteter og tiltak i verneområdet, jf. naturmangfaldlova § 10.

Når det gjeld § 11 (kostnadene ved miljøødelegging skal berast av tiltakshavar) og §12 (miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar) er dette moment det vil bli lagt vekt på ved vurdering av tiltak som skal gjennomførast inne i reservatet, sjå kapittel 5.3.

## 3. Historikk

### 3.1 Verneprosessen

Vinnesleiro blei verna i 1995 i samband med verneplan for våtmark. Verneplanmaterialet bygde på eit omfattande arbeid der 447 våtmarksområde i fylket blei registrert og vurdert. Vinnesleiro var eit av få marine område i Hordaland som blei verna i denne prosessen.



**Figur 2.** Vinnesleiro naturreservat.

Vernereglane skildrar målet med vernet og kva som er forbode og kva som er tillate. Vernereglane er ikkje utdjupande, og eventuelle skjøtselstiltak for å fremje verneformålet er ikkje omtalt.



## 3.2 Brukshistorie

I 1878 blei det etablert eit teglverk heilt ytst på Selsneset, rett nordvest for verneområdet. Fabrikken produserte både takpanner og murstein fram til drifta blei avvikla i 1923. Der råstoffet - bakkeleira - blei gravd ut, er det i dag kunstige tjørn - "Leirtjødnane", der det no ligg nokre småbåtar.

I nokre år blei det òg tatt ut sand ytst på Leira, men dette tok slutt i 1975, etter krav frå grunneigarane.

På Neset er det planta sitkagran og vanleg gran. Denne grana blei tatt ut i 2015.

Tidlegare var storparten av areala som grensar til verneområdet dyrka mark.

## 4. Dagens status

Det meste av naturreservatet består av ei grunn vik, sjølve Leira, med blaut botn som blir blottlagt ved fjøre sjø. I eit smalt belte langs vika finst det strandplantesamfunn og strandskog. Det renn ein bekk ut i vika i nordaust, og denne, inklusiv kantvegetasjon, er omfatta av vernet, opp til veggen. Det ligg nokre mindre holmar i vika, og den største (og inste) av desse er kledd med skog. Reservatet omfattar også delar av halvøya Neset, i sør. Her står det ein del naturleg furuskog, men det er òg planta ein del gran. Grana blei tatt ut hausten 2015 og det skal ikkje plantast ny gran inne i reservatet.

Det meste av verneområdet ligg i tidevass-sona. Ved fjøre sjø blir store areal tørrlagt, og skjel, muslingar og børstemark blir tilgjengelig som mat for våtmarksfuglar. Området er særleg attraktivt som rasteområde for fugl på trekk.

Talet på fugl som hekkar i reservatet har gått ned sidan området blei verna. Dette heng nok i all hovudsak saman med ein generell nedgang i bestandane av m.a. terner i heile landet, og har truleg lite med tilstanden i reservatet å gjere, men det har òg vore driftsendringar i landbruksareala rundt reservatet som nok har påverka bestandane til hekkefugl i området, som t.d. vipe.

### 4.1 Kunnskapsstatus

Vurderingane i denne forvaltingsplanen er basert på informasjon frå ulike kjelder. Først og fremst ligg forarbeidet til vernet og verneplanen til grunn. Ein lokal ornitolog, Jon Djupvik, har gitt oss artslister og informasjon om fuglelivet i reservatet. Vi har og henta informasjon frå ein artikkel han har skrive i tidsskriftet «Fuglar i Hordaland» (Djupvik 2012). Fugleregistreringar er elles henta frå Artskart.no, Norsk ornitologisk foreining, tilbakemeldingar frå naboar og grunneigarar og eigne observasjonar.

Biofokus kartla naturtypene i Vinnesleiro i 2011 etter NIN-metoden. Oversiktskart er gitt i vedlegg 2. For meir detaljert innblikk i kartlegginga sjå Miljødirektoratet sin kartbase (<http://nin.miljodirektoratet.no/>).

Anders Lundberg skreiv i 1992 ein rapport om Havstrand-vegetasjon i Hordaland (Lundberg 1992). Her skildra han mellom anna dei ulike havstrand-naturtypene i verneområdet.

Statens Naturoppsyn har jamleg tilsyn i området og overvakar mellom anna status for svartelista artar.


Til saman utgjer dette kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med forvaltingsplanen og vi meiner at vi har eit godt bilete av naturtilstanden og utfordringane i Vinnlesleiro naturreservat.

## 4.2 Verneverdiar

### Geologi

Breavsetjingane på Vinnlesleiro er ein del av ein endemorene frå Yngre Dryas, som i dette området er om lag 11 000 år gammal. Botnen er bygd opp av mykje finkorna masser, med ein del stein og blokker i overflata.

Av figur 3 ser vi at området i hovudsak består av relativt kalkrike bergartar som forvitrar lett (fyllitt og glimmerskifer). Dette gir grunnlag for kalkkrevjande planteartar og gode veksttilhøve.



**Figur 3.** Berggrunnen i Vinnlesleiro naturreservat. Lengst nord er det harde, næringsfattige gneisbergartar (lys raud), og i den midtre og sørlege sona er det meir næringsrike bergartar med skifer og glimmerskifer (grøne fargar). Kjelde: NGU.

### Vegetasjon

Området inneheld fleire interessante strandplantесamfunn med fint utvikla soneringar – havsivakssamfunn, havstarrsamfunn, strandrøysamfunn og svartorstrandskog (Lundberg 1992). Saltsivsamfunn og fjøresaltgrassamfunn finst også. Vi finn dei ulike plantесamfunna på stader med ulike fukttilhøve. Området inneheld ikkje spesielt sjeldne artar, men det er storleiken, dei velutvikla, typiske plantесamfunna, og dei klare soneringane som gjer området interessant.

Området har stort potensial for marine organismar knytt til blautbotnområde, men dette er ikkje nærmare undersøkt.



**Figur 4 og 5.** Strandplantесamfunn på sør(aust)sida av Leira. Foto: Solveig Kalvø Roald

### Vatn

Den vesle elva som renn ut nordaust i verneområdet er registrert som eit vassdrag med god økologisk tilstand i Vann-nett (053-9-R Sævareidfjorden bekkefelt nord). Elva var tidlegare påverka av tilsig frå landbruket i området, men denne situasjonen har betra seg.



## Dyreliv

Det var særleg området sin funksjon for fugl som låg til grunn for vernet av Vinnesleiro. Området har først og fremst verdi som rasteplass for vadefuglar under trekket, særleg hausttrekket. Individtalet er ikkje så høgt, men det er svært få slike lokalitetar i Hordaland, og difor er området regionalt viktig.

Teksten i dette kapitelet byggjer i hovudsak på informasjon frå Djupvik (2012).

Tidlegare hekka det vipe på jordbruksareala rundt verneområdet, opp mot 10 par i dei beste åra, fram til 2010 då dei siste para gav opp hekking. I dag førekjem arten berre under hausttrekket. Ein årsak til dette kan vere hønehauken som har reir ikkje langt unna det som var den viktigaste hekkelokaliteten til vipene, ei anna viktig årsak til at vipene ikkje lenger hekkar i området er truleg store omleggingar i landbruket, med tyngre maskiner og tidlegare slått. Tidlegare slått gjer at dei fuglane som hekker i slåttemarkene ikkje rekk å gjennomføre hekkinga før slått. Vipebestanden har og lenge hatt ei svært rask negativ utvikling på landsbasis.

Fram til 1990-talet hekka raudstilk i området, og det hekka årleg makrellterner og eit par raudnebbterner på Terneskeret fram til midt på 1990-talet. Tidlegare var også bergirisk ein vanleg hekkefugl her. Etter 1990 har denne berre blitt registrert med sporadiske funn på Vinnesleiro.



**Figur 6.** Raudstilk hekka på Vinnesleiro fram til midt på 1990-talet. Foto Magnus Johan Steinsvåg

Gulsporv var òg ein relativt vanleg hekkefugl i området fram til 1980. I dag hekker den truleg ikkje i området, men ein auke i talet på hestar i Fusa dei siste åra kan vere ei av årsakene til at gulsporven dei siste åra har blitt registrert stadig oftare rundt Vinnesleiro. Artar som har blitt vanlegare som hekkefuglar rundt Vinnesleiro er m.a. ringdue, måltrost, munk og grønfinke.

Det er òg gjort observasjonar av nye artar for området etter 1980: Gråspett, lappspove, vandrefalk, kortnebbgås, sædgås, tundragås, sotsnipe, temmincksnipe, musvåk, fjellvåk, hagesongar,

kvartbekkasin, myrhauk, tatarpipelerke og polarmåse. Ein vanleg art som gråsisik var heller ikkje observert ved Vinnesleiro før 1980.



**Figur 7.** Vandrefalk. Foto Magnus Johan Steinsvåg

Då området blei verna var det registrert over 22 hekkande fugleartar i området. Dette har endra seg sidan vernetidspunktet. No er det hausttrekt som gjer området mest interessant for ein fuglekikkar. Frå månadsskiftet juli/august byrjar trekket, og ein kan sjå vadefuglar i området heilt fram til november. Ein av karakterartane for Vinnesleiro på tidleg hausttrekk er gluttsnipe. Det er òg vanleg å sjå blandingsflokkar av vadefuglar på opp til 30 individ som rastar i strandsona her. Desse flokkane består for det meste av sandlo og myrsnipe, men det dukkar òg opp artar som tundrasnipe, dvergsnipe og temmincksnipe av og til.

Havørn held òg til i området, og gjorde hekkeforsøk i 2011.

Relativt sjeldne fuglar kan òg dukke opp på Vinnesleiro. Mellom anna blei det i september 1990 oppdaga ein hærfugl på Vinnes. Det er og observert kvartbekkasin, myrhauk, tatarpipelerke og polarmåse.

Ei komplett artsliste over fuglar som er registrert i reservatet er gitt i Vedlegg 7. Denne er utarbeidd av Jon Djupvik.

### **Kulturminne**

Hordaland Fylkeskommune opplyser at det ikkje er automatisk freda kulturminne som er registrert i naturreservatet. Vi kjenner heller ikkje til andre verdifulle kulturminne i området.

## Om våtmark

Våtmark omfattar ei rekke naturtypar i grensesona mellom land og vatn, som innsjøar, tjern, sumpområde, myrar og grunnvassområde i sjøen. Våtmarkene er ofte spesielt produktive system med stort mangfald av planter, insekt og fuglar. Historisk sett har alle våre store sivilisasjonar vore bygd opp rundt våtmarksområde (t.d. Mesopotamia og Egypt). Ingen andre naturtypar som har vore meir omforma av menneskeleg aktivitet. Våtmarkene er særleg nytta til landbruksføremål, eller dei blir drenerte og bygd ut med vegar, bustader eller industriområde. Difor er våtmarkene no blant verdas mest trua økosystem. Våtmarker er ein viktig del av vatnet sitt kretsløp frå det fell som nedbør til det endar opp i havet. Elvar, innsjøar, sumpområde og myrar har stor kapasitet til å halde att vatn ved mykje nedbør og bidreg difor til å redusere eller hindre flaum. På same måte er våtmarkene kjelder til vatn i tørre periodar. Noreg har ein stor variasjon i våtmarker. På grunn av topografi er dei fleste våtmarkssystema her små, men desto rikare på variasjon og mangfald.

Nokre stader har innsjøar blitt seinka og våtmarker drenerte for å auke landbruksarealet, i tillegg er mange påverka av eutrofiering (sjå tekstboks under). Begge desse inngrepa fører til auka alge- og plantevekst og akselerert attgroing. Norske våtmarker er generelt så næringsfattige at ein svak eutrofiering kan vere positivt, særleg for våtmarksfugl. Grunnen til dette er at det aukar planteproduksjonen og produksjon av virvellause dyr, som er hovudføda til mange våtmarksfuglar. For mykje næringsstoffer i våtmarka fører til kraftig plantevekst. Nedbryting av dødt plantemateriale og bløming av algar eller blågrøne bakteriar kan føre til oksygenmangel i vatnet, fiskedød og andre uheldige biverknader. Naturleg næringsrike våtmarker er det ikkje så mykje av hos oss.

**Eutrofiering (frå gresk - næringsrik) er auka planteproduksjon forårsaka av auka tilførsel av næringsstoffer, som fosfor og nitrogen. Det er ei utprega og hyppig ureiningsform forårsaka av m.a. kloakkutslipp og avrenning frå dyrka mark. Det motsette av eutrof er oligotrof, som er ei nemning for næringsfattige vatn.**

## Verdiar i våtmark

Våtmarkene har mange andre viktige funksjonar i naturen. Dei er viktige for vasshushaldet i naturen ved at dei jamnar ut variasjon i nedbør og avrenning. Samtidig har dei stor reinseffekt på vatn, sidan vatnet får lengre opphaldstid og partiklar kan sedimentere og plantene tek opp næringsstoff som kjem med vatnet. Det er stor produksjon av plantemateriale som dannar grunnlag for eit rikt og variert dyre- og fugleliv. På grunn av dette er mange artar av planter og dyr spesialiserte til å leve i særlegne våtmarkssystem. Våtmarkene er viktige landskapselement, både for dyr og menneske. Vi set stor pris på elvar og opne vassflater, og vassdraga er derfor viktige for rekreasjon og som estetiske element.

Hovudføremålet med verneplan for våtmark i Hordaland var å ta vare på dei våtmarkene som hadde særleg verdi for fuglar. Ein såg at våtmarksfugl hadde fått redusert tilgjengelege leveområde på grunn av menneskelege inngrep. Difor blei det naudsynt å verne om dei viktigaste våtmarksområda som var att. Våtmarker er svært viktige for fleire spesialiserte fuglegrupper. Som oftast er det slik at område som har høg produksjon av planter og virvellause dyr også er rike på fugl. Men nokre fugleartar føretrekk næringsfattige vatn. Fugl kan bruke våtmarksområde til hekking, resting, fjørfelling og overvintring. Mange fugleartar er avhengige av våtmarker gjennom heile året, men dei kan gjerne forflytte seg og bruke ulike typar våtmark gjennom året. Dei kan til dømes hekke på myrer eller ved skogstjern, raste i frodige sump- og strandområder på trekket og overvintrare på eller ved sjøen. Det er som sagt stor rikdom på våtmarker i Hordaland, men dei aller fleste er små. Difor er det ikkje store mengder med fugl i kvart einskilde område. Men til saman utgjer områda stort nok areal til å huse bestandar. Forvaltning av fugl i våtmark krev slik sett ein heilskapstenking som også går utover dei verna områda.

**«Våtmark er eit vidtfamnande omgrep, men kan definerast som alle overfløymde eller vassmetta område, naturlege som kunstige, permanente, midlertidige, stillestående eller rennande, med ferskt, brakt eller salt vatn.»**

Frå verneplan for våtmark i Hordaland

### 4.3 Bruk av området

Det er ein del ferdsle i reservatet, og området er nytta både til fotturar, bading, som båtutfartsområde mm. Det er etablert ein tursti med skilt som er utarbeidd av Vinnes friskule.

På Neset sto det fram til nyleg eit felt med gran. Dette blei hogd i 2015.

Det ligg hus, hytter og båtplassar nært inntil reservatet, men dette påverkar neppe verneverdiane i nemneverdig grad.

### 4.4 Pågåande skjøtsel og tiltak

Det blir med jamne mellomrom gjennomført opprydding i strandsona. Nokre år har dette vore gjennomført i samråd med SNO/FMHO og nokre år har skulen gjennomført dette på eiga hand. Grunneigarar/hytteigarar ryddar og i strandsona og langs vegen.

Det veks litt parkslirekne i verneområdet, og frå 2015 har det blitt gjennomført systematisk uttak av denne arten fleire gongar i sesongen. Plantematerialet blir tatt med og destruert på forsvarleg vis, slik at den ikkje spreier seg.

Elevane på Vinnes friskule har utarbeidd ein natursti med infoskilt om fuglelivet i reservatet. Dei bruker denne i undervisninga, følgjer med på tavlene og gir beskjed til forvaltninga om det trengs utskifting av tavlene.

Elevane har og sett opp 6 hekkeplattformer på ulike stader i reservatet.

### 4.5 Samarbeid med skulen

Vinnes friskule har lenge vore engasjert i verneområdet og har mellom anna hatt årleg strandrydding og dei har etablert tursti med infoskilt i verneområdet. Eit godt samarbeid med skulen i området er svært positivt mellom anna med tanke på lokal bevissthet om verdiane i området. Skulen er interessert i eit samarbeid, og i april 2015, på den årlege strandryddedagen overrekte vi «adopsjonsbrev» til skulen (sjå vedlegg 8). I dette ligg ein intensjon om å kople skulen nærare opp mot forvaltninga av reservatet. SNO sin naturrettleiar er òg kopla opp mot dette samarbeidet og ønskjer i samarbeid med skulen å utvikle gode pedagogiske undervisningsopplegg knytt opp til verneområdet.

Etter innspel frå NOF Hordaland har elevane i samråd med Miljøvern- og klimaavdelinga hjå Fylkesmannen laga seks hekkeplattformer som kan nyttas av hekkande fugl som på den måten unngår å få egg øydelagt av mink. Elevane vil følgje med på desse plattformene.

### 4.5 Mål og retningslinjer for brukarinteresser

#### Ferdsel og friluftsliv

Området er eit populært tur- og bade-område for folk i nærområdet. Det er òg populært å kome inn til området med båt. Det er uklart om dagens ferdslenivå har negativ verknad på naturverdiane i området. Truleg kan ferdsle i strandkanten i hekkesesongen påverke fuglane, særleg kan båttrafikk vere uheldig. Båttrafikk vil òg kunne verke forstyrrande på fugl som rastar i området.



Det er behov for betre informasjon om verneområdet og verneverdiane til dei som besøker området. Ved inngangen til området, på parkeringsplassen ved Vinnesvegen, bør det kome klart og tydeleg fram kva reglar som gjeld i reservatet, og grunnen til at det er slik. Erfaringsvis vil dei aller fleste ta omsyn til naturverdiane om dei har informasjon og kunnskap om verdiane.

Det er og viktig at bøyen som tidlegare låg utanfor verneområdet blir erstatta, og at skiltet som gir informasjon til dei som kjem med båt blir tilpassa slik at det blir heilt tydeleg for dei som kjem med båt at dette er eit verneområde og kva for restriksjonar som gjeld.

### **Lovheimel**

Verneforskrifta

#### *Kap IV: Vernereglar*

- 2. Dyre- og fuglelivet, herunder reirplassar og hiområde er verna mot skade og øydelegging. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band.*
- 3. Utsetjing av vilt er forbode.*
- 4. Camping, teltslåing og oppsetting av kamuflasjeinnretningar er forbode.*
- 5. I tida f.o.m. 15. april t.o.m. 31. juli, er det forbod mot å gå i land på holmar og skjær i Vinnesleiro naturreservat.*
- 6. Motorisert ferdsel på land og vatn og lågtflyging under 300 m er forbode. Forbodet gjeld også om bruk av modellbåtar og modellfly. Brettsegling er forbode.*

*Kap V: Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:*

- 6. Bruk av motorbåt i samband med fiske i tida f.o.m. 1. august t.o.m. 14. april.*
- 8. Sanking av bær og matsopp.*
- 9. Fiske.*

*Kap VI: Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi løyve til:*

- 1. Felling av vilt som er til vesentleg skade*

### **Mål**

- Ferdsel og rekreasjon i verneområdet skal ikkje redusere verneverdiane.
- Informasjonen om verdiane i reservatet og om kva omsyn den enkelte må ta for å ivareta desse verdiane skal bli betre.

### **Landbruk**

Det er aktiv jordbruksverksemd i området rundt verneområdet. Inne i og rundt reservatet blei det tatt ut granskog i 2015.

I avtalen som blei inngått mellom grunneigar og Staten då området blei verna, blei det slått fast at det ikkje skal plantast ny gran inne i verneområdet. Naboareala til verneområdet er ikkje verna, så det er ikkje hefta slike restriksjonar til desse areala. Om det blir planta nye granplantar i areala som grensar til verneområdet vil vi få ein jobb med å hindre at grana spreier seg inn i verneområdet, og vi håper derfor at vi kan unngå dette. Vi vil uansett få ein jobb med å fjerne gran som veks opp frå frøbanken i bakken.

For å gjere utkøyning av tømmeret mogleg, gav Fylkesmannen løyve til ei utviding av vegen som gjekk inn i verneområdet. Det blei sett vilkår om at området skulle tilbakeførast til opphavelig tilstand

etter at hogsten var avslutta. Vi føreset derfor at når arbeidet med restaurering av grøfter og ev. anna oppfølging frå entreprenør er ferdigstilt, vil vegareala bli tilbakeført slik at massar som er deponert i verneområdet blir fjerna, og vegen blir tilbakeført til den standard den hadde før hogsten.

Med tanke på fuglelivet på sjølve Leira hadde det ideelt sett vore ønskeleg å halde heile verneområdet ope, med dyr på beite, særleg gjeld dette areala som grensar opp mot Leira.

Verneforskrifta opnar for beite som på vernetidspunktet. På vernetidspunktet blei ikkje desse areala beita. Om det skulle bli aktuelt med beitedyr i verneområdet, er dette likevel noko vi vil vere positive til, ettersom dette vil kunne bidra til å halde vegetasjonen låg, og dette vil vere positivt for fuglelivet i reservatet.

Ei naturleg utvikling med stadeigne treslag vil uansett vere betre enn granplantefelt.

## **Lovheimel**

### Verneforskrifta

#### *Kap IV: Vernereglar*

- 1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot alle former for skade og øydelegging. Nye planteartar må ikkje innførast.*
- 3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, opplag av båtar, hensetting av campingvogner o.l., framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for turrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller anna tilførsle av konsentrerte ureiningar, tømning av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel. Opplistinga er ikkje uttømmande.*

#### *Kap. V: Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:*

- 2. Drift av eksisterande fulldyrka og overflatedyrka areal, herunder gjødsling, og vedlikehald av gjerde i samsvar med noverande bruk.*
- 3. Vedlikehald av grøfteavlaup som er lagt ned tidlegare, og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmakta er varsla.*
- 4. Hogst og uttak av eksisterande granplanting i tida 1. november til 1. mars*
- 5. Naudsynt motorisert ferdsel i samband med aktivitetar nemnt i pkt. 1-4.*
- 7. Beite som på vernetidspunktet*

#### *Kap VI: Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi løyve til:*

- 3. Legging av nye grøfter for drenering av tilgrensande areal.*
- 5. Fjerning av vegetasjon som er vertsplanter for skadeorganismar i jordbruket.*
- 4. Kontrollert uttynning/høgdereduksjon av kratt og varsam hogst av skog til eige bruk og som er til ulempe for jordbruket i tida 1. november til 1. mars.*
- 5. Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vatningsanlegg, setje opp gjerde m.m.*
- 6. Rydding av vegetasjon m.m. i samsvar med godkjent forvaltingsplan, eller når føremålet med fredinga krev det*

## **Mål**

- Granskogen på Neset bør erstattast av open trelaus vegetasjon, ev. av stadeigne treslag.
- Småplanter av gran i reservatet skal fjernast.

## Lagring av hageavfall

Det blir lagra ein del hageavfall mellom Nesavegen og sjøen, mest utanfor grensene til verneområdet, men òg inne i verneområdet. Det er kjent at ein god del framande artar sprer seg til naturen gjennom hageavfall, så deponering av slikt avfall opp mot verneområdet er uheldig. Vi må hindre at framande artar får fotfeste i dei verdifulle strandplantesamfunna i reservatet. Særleg parkslirekne sprer seg svært lett frå hageavfall, og vi legg mykje innsats i å halde denne borte frå verneområdet. I § IV i forskrifta er det gjort klart at nye planteartar ikkje skal innførast til verneområdet. Vi oppmodar difor til at hageavfall blir deponert andre stadar, lengre frå verneområdet. Inne i verneområdet er det i følgje § IV i verneforskrifta ikkje lov å lagre massar eller tømme avfall.

### Lovheimel

Verneforskrifta

#### *Kap IV: Vernereglar*

- 2. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot alle former for skade og øydelegging. Nye planteartar må ikkje innførast.*
- 3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, opplag av båtar, hensetting av campingvogner o.l., framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for turrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller anna tilførsle av konsentrerte ureiningar, tømming av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel. Opplistinga er ikkje uttømmande.*

### Mål

- Det skal ikkje deponerast hageavfall inne i eller rett utanfor reservatet

## 5. Forvaltning av Vinnesleiro naturreservat

### 5.1 Truslar mot verneverdiane

#### Framande artar

Når det gjeld dei botaniske verdiane i området reknar vi framande planteartar, og særleg parkslirekne, som det mest aktuelle trugsmålet.

Det er registrert parkslirekne på eit par punkt i reservatet (sjå bilde). Parkslirekne (*Reynoutria japonica*) er i Norsk svarteliste definert som ein framand art med svært høg spreiiingsrisiko (SE). Denne planten spreier seg mellom anna med fragment av jordstengelen som blir spreidd med folk sin aktivitet og truleg òg med rennande vatn. På få år kan parkslirekne danne omfattande bestand som fortrenger heimlege artar. Den endrar naturmiljøet heilt på stader der den slår til, med eit omfattande strøfall som kveler andre artar. Den har trulig allelopatiske effektar (dvs. at den skadar eller hemmar veksten til andre planter ved hjelp av kjemiske stoff som planten skil ut) som påverkar andre plantar negativt, og gir endring i struktur og næringsammansetjing i jordsmonnet. Vi ønskjer derfor å fjerne denne planten frå verneområdet.



**Figur 8.** Den breiblada planten parkslirekne. Foto Solveig Kalvø Roald

På Neset stod det tidlegare eit plantefelt med sitkagran og vanleg gran. Ingen av desse artane er ønskte i reservatet. Sitkagran er ein framand art i norsk natur, og vanleg gran er ein innført art på Vestlandet. Den planta skogen stod tett, med lite mangfald i botn- og feltsjiktet. Grana er no tatt ut, men det ligg truleg frø i bakken, og det er viktig å hindre at nye granplantar kjem opp inne i reservatet.





**Figur 9 og 10.** Granfeltet i og utanfor reservatet. Dette blei hogd i 2015. Foto: Solveig Kalvø Roald

Mink kan òg førekome i området. Minken er ein innført, opphavleg nordamerikansk art, som kan gjere stor skade i sjøfuglkoloniar fordi den tek egg og ungar. Minken er uønskt i reservatet. Vi har som mål å fjerne mink frå fleire sjøfuglreservat og andre område som er viktige for fuglelivet. Dette er berre praktisk mogleg å få til på relativt isolerte øyar og hekkeholmar og vil difor ikkje bli prioritert på Vinnesleiro. Etablering av hekkeplattformer er eit tiltak som kan ha effekt for nokre fuglar.

### Ferdsle

Ferdsel i området i hekkesesongen kan forstyrre fuglelivet, særleg gjeld dette båttrafikk på sommarhalvåret.

## Tilhøve utanfor verneområdet

Teljingar utført i regi av NOF Hordaland viser at vipa som hekkefugl rundt Vinnesleiro no er på eit lågmål (2014). Frå ca. 1978 og fram til 2010 hekka det årleg fleire vipepar i jordbruksområda rundt naturreservatet. Det har tidlegare blitt registrert opp til 10 par i hekkesesongen, og flokkar på rundt 100 individ på hausttrekket. Etter 2010 har det berre vore sporadiske hekkeforsøk, men reira har blitt øydelagde av jordbruksmaskiner eller predatert av kråke, svartbak eller gråmåse. NOF ønskjer å legge til rette for auka hekkesuksess for viper i området.

Det ville vore svært positivt om ein kunne tilrettelagt for auka hekkesuksess for m.a. vipe i desse områda og fylkesmannen samarbeider gjerne om gode prosjekt der det er mogleg, men sidan dei aktuelle areala ligg utanfor verneområdet er dette tema som ligg utanfor rammene for denne planen.

## 5.2 Forvaltingsmål og bevaringsmål

### Forvaltingsmål

Forvaltingsmål er dei måla forvaltingsstyremakta har for forvaltning av verneområde. Dette er overordna mål der vi prøver, så langt det lar seg gjere, å ta omsyn til brukarinteresser og legge rammene for ei heilskapleg forvaltning.

Forvaltingsmål skildrar korleis vi ønskjer at reservatet skal vere:

- Området skal ha ein tilstand som gjer at området framleis skal vere eit veileigna rasteområde for trekkfugl. I tillegg skal området kunne ha hekkefunksjon for ein del artar.
- Dei velutvikla strandplantесamfunna skal ivaretakast.
- Det skal ikkje vere framande artar i området.

Det er også utarbeidd mål for dei aktivitetane som brukarinteressene fører med seg i verneområdet. Desse er skildra under kvart avsnitt i kapittel 4.5 og er oppsummert her:

- Ferdsel og rekreasjon i verneområdet skal ikkje redusere verneverdiane.
- Informasjonen om verdiane i reservatet og om kva omsyn den enkelte må ta for å ivareta desse verdiane skal bli betre
- Granskogen på Neset bør erstattast av open trelaus vegetasjon, ev. av stadeigne treslag.
- Småplanter av gran i reservatet skal fjernast.

### Bevaringsmål

Bevaringsmål definerer den tilstanden ein ønskjer at naturkvalitetane i eit verneområde skal ha. Dei skal vere konkrete og målbare og skal presiserast gjennom mål for areal, naudsynte strukturar og prosesser og førekomsten av bestemte artar (DN-handbok 17-2008).

Utarbeiding og overvaking av bevaringsmål følgjer ein metodikk som er utarbeidd av Miljødirektoratet.

I programmet NatStat kan forvaltingsstyresmakta sette konkrete bevaringsmål for ønska naturtilstand i eit verneområde. Bevaringsmål, t.d. knytt til framande artar, skal overvakast, og overvakingemetodikk blir òg lagt inn i NatStat. Statens Naturoppsyn har innsyn i NatStat og følgjer

opp overvakinga. Resultatet av overvakinga fastslår om naturtilstanden er god, middels eller dårleg, og om bevaringsmåla er nådd.

Sjølve bevaringsmåla er det som er mest relevant i forvaltingsplanen. Bevaringsmåla er utforma med bakgrunn i dei trugsmåla som finst mot verneverdiane i verneområdet, som diskutert over.

Bevaringsmåla blir oppsummert under. Tilstandsvariablar, tellemetode, overvakingegeometri mm. er oppsummert i vedlegg 2.

### 5.3 Planlagde tiltak og skjøtsel

#### Fjerning av oppslag av gran

Grunneigar har tatt ut grana frå granplantefeltet på Neset. Dette vil vere positivt for både fugleliv i reservatet og for vegetasjonsutviklinga på Neset.

Uansett korleis områda i og utanfor reservatet skal disponerast framover, vil det bli ein jobb i fleire år framover med å ta ut oppslag av gran (både sitkagran og vanleg gran) frå frøbanken inne i verneområdet.

Bevaringsmål:
1. Det skal ikkje vere sitkagran i reservatet.
2. Det skal ikkje vere norsk gran i reservatet

#### Fjerning av parkslirekne

Førekomsten av parkslirekne veks så nær vassdraget at det ikkje er tilrådeleg å bruke glyfosat til å fjerne dei. Dei må derfor fjernast manuelt, helst fleire gangar i året. Plantematerialet må handsamast slik at vi ikkje får plantedelar som kan spreie seg vidare, og det må difor destruerast. Denne handsaminga må halde fram heilt til planten er vekk, og det må jamleg førast tilsyn i verneområdet med om det skulle komme nye førekomstar av parkslirekne i reservatet (sjå bevaringsmål 3).

Ved fjerning av parkslirekne i verneområdet må det nyttast miljøforsvarlige teknikkar jf. naturmangfaldlova § 12.

Bevaringsmål:
3. Det skal ikkje vere parkslirekne i reservatet.

#### Skilting

Det er lite som tyder på at dagens ferdsel i området påverkar verneverdiane negativt. Det vil uansett vere ein fordel om vi får gitt betre informasjon til allmenta om verneverdiane i området og om restriksjonane som gjeld. Særleg kan det vere uklart for dei som kjem med båt at det er lagt restriksjonar på båttrafikken. Dette er ikkje tydeleg før ein kjem heilt innpå verneområdet. Her kunne vi med fordel fått opp større skilt som er tydelege på at det er ferdselsrestriksjonar i området.



For gåande vil det vere nyttig å få tydelegare informasjon om fuglelivet i området og om kva slags omsyn det bør takast til fuglelivet i ulike periodar. Ofte kjem manglande omsyn av manglande kunnskap.

### Ny blåse/bøye

Det har tidlegare lagt ei blåse med eit informasjonsskilt ute på fjorden. Denne gjorde det enda tydlegare for dei som kjem med båt at dette er eit naturreservat, og at det ikkje er lov å køyre inn her med båt. Denne blåsa har forsvunne og må erstattast. Vi må diskutere om blåsa skal ligge ute heile året eller om det er tilstrekkelig at ho ligg ute i sommarmånadane, men blir tatt inn i oktober-februar, slik at faren for at den forsvinn i vinterstormane reduserast. Blåsa vil då ligge ute i dei viktigaste hekkemånadane og i vår- og hausttrekket. Den vil òg ligge ute i den mest aktive båtsesongen.

### Rugekasser

Etter innspel frå NOF Hordaland har elevane på Vinnes friskule sett opp seks rugekasser i verneområdet. Både fiskemåse og tjeld kan dra nytte av desse for å sleppe unna minken. Elevane vil overvake bruken av kassene og halde dei ved like.



**Figur 11 og 12.** Ferdig montert rugekasse. Foto Ragni Nordås.

### Utviding av verneområdet

Verneområdet deler i dag skogteigen på Neset i to. Dette er lite hensiktsmessig både med tanke på å forvalte verneområdet og med tanke på å skulle forvalte skogeigedommen. Grunneigar tok derfor initiativ til ein frivillig skogvern-prosess for å få inkludert heile skogen i verneområdet.

Miljødirektoratet valde imidlertid å ikkje gå for ei slik løysing.

Sjølv om frivillig vern ikkje blei resultatet i denne omgang ser vi at det hadde vore hensiktsmessig å forvalte heile området under eitt.

## Tiltakstabell

Tiltak	År/frekvens	Estimert kostnad	Gjennomføring
Fjerne parkslirekne	2015 (og til dei er fjerna)	Eigeninnsats	SNO
Overvake parkslirekne	Årleg	Eigeninnsats	SNO
Fjerne småplantar av gran	Årleg ved behov	Eigeninnsats, ev dugnad skule, idrettslag ell. Om lag 5 000/år	SNO/skule
Overvake og vedlikehalde hekkeplattformer	2015	Eigeninnsats	SNO/skule
Nye skiltplater natursti	Skiftast ut ved behov	Kr 1000/år	SNO/skule
Informasjonsplakat (ar)	2017	7000	FMHO og SNO
Nytt skilt som vender mot sjø	2016	7000	FMHO/SNO
Bøye med skilt	2017/ Takast inn og ut årleg	15000	SNO
Strandrydding	Årleg i mars-mai	1000/år	SNO/skule

## Oppsyn og administrasjon

### 1. Tilsyn i verneområdet

Statens naturoppsyn (SNO) avdeling Bergen har ansvar for tilsyn i Vinnesleiro naturreservat. Hovudoppgåva til naturoppsynet er å sørge for at vernereglene for området blir følgde. I tillegg vil SNO til dømes bli orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til gjennomføring av ulike tiltak inne i reservatet. Statens naturoppsyn har avgrensa politimynde etter dei sju miljølovene; friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminnelova, viltlova, lakse- og innlandsfiskelova og delar av forureiningslova. I tillegg til kontrolloppgåvene etter desse lovene, skal oppsynet på oppdrag frå fylkesmannen drive rettleiing og informasjon, skilting, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon.

### 2. Forvaltingsmynde

Fylkesmannen i Hordaland ved miljøvern- og klimaavdelinga er forvaltingsstyresmakt i Vinnesleiro naturreservat. Alle aktivitetar i naturreservatet som ikkje er direkte heimla i verneforskrifta krev løyve frå Fylkesmannen. Om ein ønsker å gjennomføre tiltak i verneområdet må Fylkesmannen ha skriftlig søknad om dette. I søknaden må behovet for tiltaket vere grunnlagt og det må gjerast ei vurdering av kva verknader tiltaket kan ha på omgjevnadane. Forskrifta listar opp nokre tiltak det kan søkast om løyve til (t.d. merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar). Alle andre aktuelle tiltak må behandlast etter ein generell heimel.

Fylkesmannen har også ei rettleiingsplikt når det gjeld verneområdet. Difor kan Fylkesmannen kontaktast om ein lurar på noko, til dømes om ein treng søknad eller korleis ein sender inn ein søknad.

I følgje naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lova sine §§ 8-12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. **Prinsippa** skal òg nyttast ved utarbeiding av forvaltingsplanar, og det skal komme fram i planen korleis det er tatt omsyn til desse prinsippa og korleis dei er vektlagt.

Det er òg viktig å legge Naturmangfoldlova sin § 49 til grunn når tiltak i området skal planleggast.

#### § 49 (utenforliggende virksomhet som kan medføre skade inn i et verneområde)

*«Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter § 6».*

## 6. Kjelder

Lundberg, A. 1992. Havstrand i Hordaland. Regionale trekk og verneverdiar. DN-rapport 1992-2.

Fylkesmannen i Hordaland 1991. Utkast til verneplan for våtmark i Hordaland fylke.

Djupvik, J. 2012. Fugleturen går til: Vinnesleiro. Fuglar i Hordaland 1-2012. S 9-13.

Jansson, U. (red) 2012. Naturtypekartlegging i 12 verneområder i Hordaland 2011 - sammenligninger med NiN-kartlegging. BioFokus rapport 2012-1. Stiftelsen BioFokus, Oslo.

Miljødirektoratet 2014. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, Miljødirektoratet M106-2014.

### Munnlege kjelder

Grunneigarar i reservatet og naboar til reservatet

Jon Djupvik, Norsk Ornitologisk Forening, Fusa

### Aktuelle internetadresser

Klima- og Miljøverndepartementet

<https://www.regjeringen.no/nb/dep/kld/id668/>

Miljødirektoratet

<http://www.miljodirektoratet.no/>

Fylkesmannen i Hordaland

[www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland)

Artsdatabanken

[www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no)

Artsobservasjoner

[www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no)

Naturbase

<http://innsyn.naturbase.no/>

Lovdata

[www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)

NIBIO

<http://www.nibio.no/>

Universitetet i Bergen

[www.uib.no](http://www.uib.no)

International Union for Conservation of Nature

[www.iucn.org](http://www.iucn.org)

## 7. Vedlegg

### Vedlegg 1. Verneforskrift

#### **Forskrift om fredning av Vinnesleiro naturreservat, Fusa kommune, Hordaland.**

Fastsett ved kgl.res. 15. desember 1995 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jfr. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

#### **I**

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8 jfr. § 10, og §§ 21, 22 og 23, er eit våtmarksområde ved Vinnes i Fusa kommune, Hordaland fylke freda som naturreservat ved kgl. res. av 15. desember 1995 under namnet «Vinneseleiro naturreservat».

#### **II**

Det freda området femner om følgjande gnr./bnr.: 78/1, 78/2, 78/3, 78/4, 78/5, 78/6, 78/47, 78/51, 78/57, 78/61, 78/123, 78/124, 78/139, 78/141, 78/187.

Reservatet dekkjer eit areal på omlag 241 dekar, der 60 dekar er landareal.

Grensene for reservatet er vist på kart i målestokk 1:5000, datert Miljøverndepartementet november 1995. Kartet og fredningsforskrifta er arkiverte i Fusa kommune, hos fylkesmannen i Hordaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka der dei går over land, og knekkpunkta bør koordinatfestast.

#### **III**

Føremålet er å frede eit produktivt grunnvassområde langs kysten, av stor verdi for trekkande vadefugl og som har hekkefunksjon for terne og måse. Området har også verdifull havstrandvegetasjon.

#### **IV**

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot alle former for skade og øydelegging. Nye planteartar må ikkje innførast.
2. Dyre- og fuglelivet, herunder reirplassar og hiområde er verna mot skade og øydelegging. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band. Utsetjing av vilt er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, opplag av båtar, hensetting av campingvogner o.l., framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar,

bygging av vegar, drenering og anna form for turrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller anna tilførsle av konsentrerte ureiningar, tømning av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel. Opplistinga er ikkje uttømmmande.

4. Camping, teltslåing og oppsetting av kamouflasjeinnretningar er forbode.
5. I tida f.o.m. 15. april t.o.m. 31. juli, er det forbod mot å gå i land på holmar og skjer i Vinnlesleiro naturreservat.
6. Motorisert ferdsel på land og vatn og lågtflyging under 300 m er forbode. Forbodet gjeld også om bruk av modellbåtar og modellfly. Brettsegling er forbode.

## V

Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, rednings-, politi-, brannvern-, oppsyn-, skjøtsel- og forvaltingsverksemd.
2. Drift av eksisterande fulldyrka og overflatedyrka areal, herunder gjødsling, og vedlikehald av gjerder i samsvar med noverande bruk.
3. Vedlikehald av grøfteavlaup som er lagt ned tidlegare, og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmakta er varsla.
4. Hogst og uttak av eksisterande granplanting i tida 1. november til 1. mars.
5. Naudsynt motorisert ferdsel i samband med aktivitetar nemnt i pkt. 1-4.
6. Bruk av motorbåt i samband med fiske i tida f.o.m. 1. august t.o.m. 14. april.
7. Beite som på vernetidspunktet.
8. Sanking av bær og matsopp.
9. Fiske.

## VI

Forvaltingsstyresmakta kan gi løyve til:

1. Felling av vilt som er til vesentleg skade.
2. Legging av nye grøfter for drenering av tilgrensande areal.
3. Fjerning av vegetasjon som er vertsplanter for skadeorganismar i jordbruket.
4. Kontrollert uttynning/høgdereduksjon av kratt og varsam hogst av skog til eige bruk og som er til ulempe for jordbruket i tida 1. november til 1. mars.
5. Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vatningsanlegg, setje opp gjerde m.m.
6. Rydding av vegetasjon m.m. i samsvar med godkjent forvaltingsplan, eller når føremålet med fredinga krev det.



## **VII**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta gir fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med fredinga. Det kan utarbeidast forvaltingsplan som skal innehalde retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

## **VIII**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unnatak frå fredingsforskrifta når føremålet med fredinga tilseier det, for vitskapelege granskingar og arbeid som er av vesentleg verdi for samfunnet, og i andre særskilde høve når det ikkje strir imot føremålet med fredinga.

## **IX**

Forvaltinga av fredingsforskrifta er lagt til fylkesmannen i Hordaland.

## **X**

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.



## Vedlegg 2. Bevaringsmål og overvåkingsmetodikk


<b>Bevaringsmål 1:</b>	<b>Det skal ikkje vere sitkagran i reservatet.</b>
Tilstandsvariabel:	Fremmedartsinnslag
Eining:	Individ
Tilstandsklasse:	God: 0-10 Middels: 11-50 Dårlig: 51-1000
Skildring av tellemetode:	Totalteljing først kvart år, etter 5 år, kvart 3. år.
Skildring av overvåkingsgeometri:	Heile området overvakast, det skal ikkje vere sitkagran her

<b>Bevaringsmål 2:</b>	<b>Det skal ikkje vere norsk gran i reservatet.</b>
Tilstandsvariabel:	Innslag av problemartar
Eining:	Individ
Tilstandsklasse:	God: 0-10 Middels: 11-50 Dårlig: 51-1000
Skildring av tellemetode:	Totalteljing først kvart år, etter 5 år, kvart 3. år.
Skildring av overvåkingsgeometri:	Heile området overvakast, det skal ikkje vere gran her

<b>Bevaringsmål 3:</b>	<b>Det skal ikkje vere parkslirekne i reservatet.</b>
Tilstandsvariabel:	Fremmedartsinnslag
Eining:	Individ
Tilstandsklasse:	God: 0-0 Middels: 0-10 Dårlig: 10-1000
Skildring av tellemetode:	Strandsona skal overvakast årleg
Skildring av overvåkingsgeometri:	Strandsona skal overvakast, det skal ikkje vere parkslirekne her



### Vedlegg 3. Naturtypar og artsmangfald



Naturtypar i Vinneseleiro NR, kartlagt etter NIN-metoden. For meir detaljert innblikk i kartlegginga, sjå (<http://nin.miljodirektoratet.no/>).





## Vedlegg 4. Om dispensasjonssøknader

### Generell dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova

Då naturmangfaldlova tok til å gjelde i 2009, blei alle verneforskriftene som var vedtekne etter eldre lovverk vidareført, bortsett frå eitt punkt. Den generelle dispensasjonsheimelen som finst i verneforskriftene (for Vinnlesleiro naturreservat, kap VIII), har blitt erstatta av § 48 i naturmangfaldlova (sjå tekstboks). Dette betyr at søknad om dispensasjon for tiltak som ikkje fell inn under ein spesifisert dispensasjonsheimel i verneforskrifta skal handsamast etter reglane i § 48. Paragrafen er til for dei tilfella der det planlagde tiltaket tydeleg ikkje har blitt vurdert som ei problemstilling då området blei verna. I tillegg skal paragrafen plukke opp tilfelle av stor (nasjonal) samfunnsverdi, som elles ikkje ville bli tillate.

#### **Naturmangfaldlova § 48** (dispensasjon frå vernevedtak):

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig. I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på at verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område. Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke. Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.»*

### Sakshandsaming av dispensasjonssaker

Søknader om dispensasjon frå verneforskrifta skal vere skriftlege og sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Om det er tiltak som krev tillating frå andre lovverk (t.d. motorferdsellova/ plan- og bygningsslova) må ein sende søknad til dei som forvaltar det gjeldande lovverket.

Ved vurderingar av søknader skal bakgrunnen for at verneområdet blei oppretta (verneføremålet) tilleggast stor vekt. Dersom det er uvisse rundt kva verknadar eit tiltak kan få for naturmiljøet/verneverdiane, vil føre-var-prinsippet bli tillagt stor vekt, særleg dersom det er snakk om moglege irreversible verknader.

Når det blir gitt løyve til tiltak eller aktivitetar i eit naturreservat, blir det vanlegvis knytt vilkår til løyvet. Skriftleg løyve skal ein ha med seg ved gjennomføring, for å vise til på førespurnad. Fylkesmannen vil ha ein kort tilbakemelding eller rapport om tiltak som er gjennomførte i verneområdet.

Fylkesmannen si avgjerd på søknad om dispensasjon kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på tre veker. Eventuell klage skal

sendast til Fylkesmannen, som også kan gi nærare opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument. Om Fylkesmannen ikkje tek klagen til følge vert saka sendt vidare til DN for endeleg avgjerd.

## Vedlegg 5. Forklaring av omgrep

**Bevaringsmål og bevaringsmålobjekt.** Et *bevaringsmål* er ei kort skildring av ein ønskt tilstand for ein naturtype eller naturområde (t.d. eit naturreservat). Kartobjektet som det blir knytt bevaringsmål til kallast *bevaringsmålobjekt*.

**Tilstandsvariablar.** Ein brukar ein eller fleire *tilstandsvariablar* (t.d. Fremmedartsinnslag FA) for å måle *tilstanden* til bevaringsmålobjektet. Dei ulike tilstandsvariablane er skildra i brukermanualen for «Naturstatus for verneområder» (NatStat) på Miljødirektoratet sine heimesider. Dei fleste tilstandsvariablane tilsvarar tilstandsvariablar som er definert i kartlegginssystemet Naturtyper i Norge (NIN), som er utvikla av Artsdatabanken. Ei oversikt over desse finst på Artsdatabanken sine heimesider.

**Tilstandsklassar.** Samtidig med at forvaltingsmyndigheita fastset bevaringsmål, skal dei også gi konkrete grenseverdier for tre *tilstandsklassar* – *god tilstand*, *middels tilstand* eller *dårleg tilstand*. Lokal overvaking av ein tilstandsvariabel, vil resultere i eit tal eller ja/nei. Dette resultatet plasserer variabelen i ein av dei tre tilstandsklassane. Det er forvaltingsmyndigheita som fastset grenseverdiane for desse tilstandsklassane. Det kan vere aktuelt å justere grenseverdiane når ein får tilgang til konkrete overvakingsdata.

Målt tilstand for den aktuelle tilstandsvariabelen kan omsetjast til eit NiN-trinn (eller eit eigendefinert trinn).

**NiN trinndeling.** I NiN-kartlagte område er det ofte registrert tilstandsvariablar med eit tilhøyrande *NiN-trinn* (t.d. Fremmedartsinnslag = 2). Overvakingsdata kan brukast for å angi NiN-trinn for ein tilstandsvariabel. Dersom overvakingsdata viser endringar i framandartsinnslaget, kan det derfor vere aktuelt å revidere NiN-trinnet som er gitt i kartleggingsdata. Dersom forvaltingsmyndigheita ønskjer å overvake ein tilstandsvariabel som ikkje er plassert på eit NiN-trinn, må ein selv fastsetje trinnet.

**Overvakingsmetode.** Overvaking av tilstand skjer etter ein *overvakingsmetode*. Metoden har alltid geografiske eigenskapar (t.d. befaringslinje, transekt, overvakingsrute), og skal kunne visast på kart. Dette kartobjektet skildrar metoden, og det skal etter kvart utviklast ein metodedatabase der metoden kan lagrast. Overvakingsmetoden skal også inkludere ein beskrivelse av korleis data skal hentast inn. Beskrivelsen kan bestå av tekst og illustrasjonsfoto. Det er avgjerande at metoden er godt dokumentert og kan gjentakast. Overvakinga skal alltid resultere i eit tal, eller ja/nei.



## Vedlegg 6. Innspel ved varsel om oppstart av arbeid med forvaltingsplanen

Vi fekk seks innspel frå grunneigarar, naboar, Hordaland Fylkeskommune og frå NOF. Innspela blir kommentert enkeltvis.

**Hordaland Fylkeskommune** er positiv til at det blir utarbeidd ein forvaltingsplan og meiner at det er viktig å ha høg prioritet på å få fjerna framande, og særleg svartelista artar frå reservatet.

### Fylkesmannen sin kommentar:

Som det kjem fram av plandokumentet over har fjerning av framande artar høg prioritet.

På vegne av i **styret i "Felleskapet Nesavegen"**, skriv formann Leidulf Vinnes at dei tek seg av vedlikehald av vegen med sidevegar inn i reservatet. Ved ev. skjøtseltiltak går dei ut frå at det vil bli en del slitasje på vegen, og dei reknar då med at opparbeiding av vegen til ein tilfredsstillande standard etter tiltak vil bli utført utan kostnader eller ulemper for medlemmane i Felleskapet Nesavegen.

I dag veks det en del greiner inn over vegen frå tre på nedsida. Desse kan vere til hinder for t.d. traktorar som nyttar vegen. Ein går ut frå at greiner som er til hinder kan fjernast forsiktig.

Rydding av boss i strandsona er til tider blitt utført av medlemmar i felleskapet, men dei går ut frå at dette eigentleg er Fylkesmannen sitt ansvar. For tida ser det ganske bra ut.

### Fylkesmannen sin kommentar:

Om den private vegen skulle få skadar som følgje av skjøsteltiltak er det naturleg at vegen tilbakeførast til den standard den hadde før tiltaket. Rydding av vegetasjon for å halde vegbanen open vil vere uproblematisk.

Vi set pris på at veglaget har omsorg for området og at dei på eige initiativ har rydda boss i strandkanten. Rydding av boss i strandsona i reservatet er òg noko som Vinnes friskule har tatt ansvar for. Vi har tenkt at dette skal vere ei oppgåve vi tar ansvar for i samarbeid med skulen.

**Jarle Vinnes** skriv at det er svært positivt at det no blir utarbeidd ein plan for å forvalte verneområdet. Han er bekymra for den gradvise nedgangen i fugleliv i området, og meiner at Siktagrana ute på Neset no har vakse seg så stor og tett, at skogen har tatt heilt overhand, noko som igjen har ført til at hekkefugl og trekkfugl på og rundt Vinnesleiro kjenner set utrygge. Han foreslår derfor i fyrste omgang, fjerning og rydding av gran og siktagran ute i neset og området rundt Vinnesleiro.

### Fylkesmannen sin kommentar:

Siktagran er no tatt ut frå området, men delar av Neset ligg utanfor verneområdet og det er uklart korleis dette området skal forvaltast i åra framover. Det er truleg fleire grunnar til ein nedgang i fuglelivet i området. Dette blir diskutert i forvaltingsplanen.



**Sverre Vinnes m. fl.** peiker på at den private vegen langs grensa til reservatet blir halden ved like av oppsittjarane for eigne midlar, og at dei på privat grunn ved innkøyrsla til Nesavegen har anlagt ein parkeringsplass for å redusere trafikk og støy frå vegen. Dei har òg registrert at fuglebestanden i reservatet har gått tilbake etter at reservatet blei oppretta, og viser til at fjerning av granskog har resultert i ei auke i fuglebestanden i Austevoll. Dei meiner òg at vi må vurdere rydding av boss og slått av gras i strandsona, særleg langs vegen, som skjøtselstiltak i reservatet.

Fylkesmannen sin kommentar:

Det er svært positivt at vegen blir halden ved like og at det er oppretta parkeringsplass ved hovudvegen. Vi har intensjon om å gjennomføre årlege strandryddedagar saman med skulen. Når det gjeld gran viser vi til kommentar til innspelet over.

Slått av gras langs vegen er dessverre ikkje eit tiltak vi kan prioritere. Vegen er privat, og vegen og vegkanten ligg utanfor verneområdet. Vernereglane er dermed ikkje til hinder for at vegeigarane sjølve kan halde vegen fri for vegetasjon.

**Harald Vinnes** peiker og på at det tidlegare var eit yrande fugleliv i området, sjølv om området òg blei brukt til bading, men at ettersom den planta skogen gradvis vaks til har det blitt mindre fugl. Skogen medfører også tap av utsikt.

Fylkesmannen sin kommentar:

Når det gjeld gran viser vi til kommentar til innspel over. Det er truleg fleire grunnar til ein nedgang i fuglelivet i området. Dette blir diskutert i forvaltingsplanen.

**NOF, v. Jon Djupvik** peiker på rydding av gran som eit godt tiltak. Den tette granskogen kan ha negativ verknad både på talet fuglar som går til hekking i området og på talet fuglar som nyttar reservatet som rasteplass under vår- og hausttrekket. Dersom ein fjernar granskogen er det svært viktig at det blir laga ein god plan for vidare forvaltning av området.

Dei tar for seg situasjonen for ulike fuglar i reservatet, m.a. terner og vipe, og har ulike konstruktive forslag til tiltak for å tilrettelegge for fuglelivet i området, m.a. anlegging av ein dam utanfor reservatet, etablering av hekkeplattar for hekkefugl inne i reservatet, og endra bruk av enkelte teigar av jordbruksareala rundt reservatet for å prøve å legge til rette for at vipe skal kunne hekke i området. Når det gjeld dammen er håpet m.a. at den skal tilføre området større bestandar av insekt og amfibiar, og at den bli nytta som alternativ raste- og skjulestad for fleire fuglearter i reservatet og mogleg hekkeplass for artar som er eller har blitt sjeldne i området, som t.d. sivsongar, enkeltbekkasin, grashoppesongar, vannrikse, buskskvett og sivsporv. Det er også ønskjeleg at skilta i reservatet blir oppdaterte eller at det blir utarbeidd ein informasjonsfolder for reservatet slik at m.a. naturinteresserte turistar kan få tilgang til kunnskap om reservatet og få informasjon om kva reglar som gjeld i reservatet.

Fylkesmannen sin kommentar:

Når det gjeld gran viser vi til kommentar til innspel over.

Når det gjeld tiltak utanfor verneområdet kan vi vere positive til å spele på lag, men har dessverre ikkje høve til å handsame dette i denne forvaltingsplanen.

Vi einige i at det er ønskjeleg med betre informasjon om både verneverdiar og om reglar som gjeld i reservatet. Dette er òg diskutert i forvaltingsplanen.

## Vedlegg 7: Registrerte fugleartar på Vinnesleiro

Artslista er samanfatta av Jon Djupvik i 2014. I alt 163 artar.

Knoppsvane	Sothøne (1937 og 1969-72)	Skogdue (31/3-2007)
Songsvane	Trane (7/5-2013)	Ringdue
Tundragås (24/2-1989)	Tjeld	Tyrkardue (17/10-2008)
Sædgås u.a. fabalis (10/1-2009)	Sandlo	Gauk
Grågås	Boltit (1969-72)	Hubro (1969-72)
Kvitkinngås (16/5-2005)	Heilo	Jordugle (1969-72)
Kortnebbgås (29/10-2008)	Vipe	Kattugle
Kanadagås	Polarsnipe (26/5-2011)	Tårnseglar
Gravand	Sandløpar (1978-80)	Hærfugl (sept. 1990, 28/2-
Stokkand	Fjøreplytt (1969-72)	Grønspett
Stjertand (1978-80)	Steinvendar (31/5-2011)	Gråspett (1/11-2009)
Brunnakke	Myrsnipe	Flaggspett
Krikkand	Tundrasnipe	Kvitryggspett
Toppand	Temmincksnipe (11/3-1989)	Dvergspett (1977)
Ærfugl	Dvergsnipe (29/8-2004)	Vendehals (1978)
Svartand	Skogsnipe (9/8-2011)	Songlerke
Sjørørre	Strandsnipe	Sandsvale
Havelle	Raudstilk	Låvesvale
Kvinand	Sotsnipe	Taksvale
Laksand	Gluttsnipe	Tartarpiplerke (13/10-2011)
Siland	Lappspove	Skjærpiplerke
Lirype (1969-72)	Storspove	Heipiplerke
Orrfugl (1978-80)	Småspove	Trepiplerke
Storfugl (1969-72)	Rugde	Linerle/svartryggerle
Åkerrikse (1969-72)	Dobbeltbekkasin (1969-72)	Gulerle (22/8-2012)
Smålom (17/10-2009)	Enkeltbekkasin	Fossefall
Storlom (23/10-2009)	Kvartbekkasin (12/10-2011)	Sidensvans
Islom (21/11-2010)	Brushane	Jernspurv
Horndykkar (14/11-2010)	Tjuvjo (29/7-1989)	Raudstrupe
Gråstrupedykkar (25/12-2012)	Hettemåse	Steinskvett
Storskarv	Fiskemåse	Buskskvett
Toppskarv	Gråmåse	Måltrost
Gråhegre	Sildemåse	Raudvengetrast
Havørn	Svartbak	Gråtrast
Myrhauk (14/10-2011)	Polarmåse (21/1-2012)	Svarttrast
Musvåk (9/4-2011)	Makrellterne	Ringtrast (1969-72 og 1978)
Fjellvåk (19/4-2003)	Raudnebbterne	Hagesongar
Sporvehauk	Alkekonge	Munk
Hønsehauk	Lunde (1969-72)	Tornsongar
Tårnfalk (19/8-2008)	Teist	Sivsongar (juni/juli 2001)
Vandrefalk (28/8-2008)	Lomvi	Gulsongar (4/8-2011)
Vannrikse (26/12-2005)	Alke	Lauvsongar

Gransongar	Trekrypar	Bjørkefink
Fuglekonge	Varslar (1969-72)	Bergirisk (1969-72 og 1978-80)
Gjerdesmett	Skjor	Gråsisik
Grå flugesnappar	Nøtteskrike	Grønfink
Svartkvit flugesnappar	Kaie	Grønsisik
Kjøttmeis	Kornkråke (1969-72 og 1978)	Dompap
Blåmeis	Kråke	Grankorsnebb
Svartmeis	Svartkråke (20/4-2013)	Furukorsnebb
Toppmeis	Ramn	Gulsporv
Granmeis	Stare	Sivsporv
Lauvmeis	Gråsporv	Snøsporv (20/3-2005)
Stjertmeis	Pilfink (1969-72)	
Spettmeis	Bokfink	

Observasjonar datert etter 1980 er gjort av Jon Djupvik og Martin Eggen (polarmåse).

Observasjonar datert 1969-72 er gjort av Rune Vindenes.

Observasjonar datert mellom 1978 og 1980 er gjort av Henning Wernøe.

## Vedlegg 8. Adopsjonsbrev, Vinnes friskule



Fylkesmannen i  
Hordaland

Elevar, lærarar og foreldre ved  
**Vinnes friskule**  
adopterer med dette  
**Vinnesleiro naturreservat**



**VI VIL HJELPE FYLKESMANNEN MED Å  
TA VARE PÅ NATURRESERVATET.**

Mellom anna vil vi:

- bli kjent med plantar, dyr og fugl som held til i reservatet
- hjelpe Fylkesmannen med å overvake fuglane i reservatet
- ta omsyn til plantar og dyr
- hjelpe til med å halde strandlinja fri for søppel
- melde frå om ulovleg forureining

---

Fylkesmiljøvernssjef

Elev-representant

Rektor









## **Fylkesmannen i Hordaland**

Besøksadresse:  
Kaigaten 9, 5020 Bergen

Postadresse:  
Postboks 7310, 5020 Bergen

Telefon: 55 57 20 00

E-post:  
[fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)

Org.nr: 974760665

ISBN: 978-82-8060-107-0  
ISSN: 0804-6387